

# Referat frå årsmøte i Rogaland Sau og Geit på Nærland Gjestegård 23.02.07.

Styremedlem i Rogaland Sau og Geit Øyvind Bergøy var møteleiar. Han ønskte velkommen.

Leif Matnisdal las opp skriv frå Olaug Vikingstad som var vorte sjuk og ikkje kunne vera møteleiar.

Leiar i Sør-Jæren Sau og Geit, Eirik Skretting ønskte og alle velkomne og gav ordet til varaordførar i Hå kommune Magnar Matningsdal. Han ønskte velkommen til Hå kommune og Nærlandsparken.

Hå kommune er ein vekstcommune med ca 15000 innbyggjarar. Dei har eit variert næringsliv ut i frå primærnæringane. Hå kommune er den største husdyrkommunen i landet og har ca 12000 vinterföra sauherdene. Magnar meinte at økonomien i sauehaldet må verta betre og var optimist på vegne av sauehaldet.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Leif Matnisdal tok opprop. Det var 8 lokallag som ikkje hadde utsendingar til årsmøtet. Det var Halsnøy, Jøsenfjord, Kvitsøy, Sandeid, Sola, Skjold, Vikedal/Imsland og Årdal Sau og Geit.

Ola Jordebrekke, Suldal Sau og Geit og Svein Varhaug frå Sør-Jæren Sau og Geit vart valt til å skriva under referatet.

## Tale av leiar i Rogaland Sau og Geit, Sigmund Skjæveland.

Sigmund nytta høvet til å seia velkommen til årsmøtet. Spesielt velkommen til Ølen Sau og Geit som no er medlem i Rogaland Sau og Geit. Det var positivt at Sør-Jæren tok initiativ til å ha årsmøte i sitt distrikt. Nærland Gjestegård er ein ny plass til å ha årsmøte.

Skjold Sau og Geit hadde ikkje vore i drift i 2006. Det er eit arbeid for det nye styret å ta fatt på. Norsk Sau og Geit vert 60 år i mars. For å markere dette vil RSG betale opphaldet for alle utsendingane til årsmøtet dette året.

Berre halvdelen av laga hadde meldt seg på når påmeldingsfristen var ute.

RSG gav ein garanti for 50000 kr for at Rendalsbøndene kunne ta opp saka si om beiterett. Det var med stor glede vi fekk melding om at Rendalsbøndene vant denne saka.

Rogaland er i Region 1 når det gjeld rovdyr. Hordaland og Rogaland ligg bra an når det gjeld rovdyr. Sogn og Fjordane slit med fleire slags rovdyr, men jerven er nok det rovdyret i Sogn og Fjordane som tar mest småfe.

Det er vorte sett gaupe fleire plassar i Suldal. Dei som ser gaupe eller spor må melda i frå til rovdyrkontaktane.

RSG feira i 2006 30 års fjelldagar på Island. Ein fantastisk tur. Vi var heldige med veret. I år skal vi til Rauland i Telemark. Det kan verta aktuelt med ein ekstra fjelltur i forkant av fjelldagane.

Kan det verta aktuelt med fjelldagar til Lyngen kommune i Nordland?

Det kan og vera aktuelt å skipa til fjelldagar i Hjelmeland, Suldal eller Sauda eller eit samarbeid mellom desse plassane.

### **Jordbruksforhandlingane.**

RSG laga i år til eit skriv om jordbruksforhandlingane og sende ut til lokallaga og ba om innspel. Vi fekk berre 2 skriftlege og 2 munnlege tilbakemeldingar frå lokallaga.

Beitetilskottet må opp.

Beiteområde som er tomme for sau. Kven har ansvaret for slike område? Vi må ha midlar til leiting og henting av småfe i område som ikkje er utlegd til sauebeite og som det alltid vil vera sau i. Vi har plikt på oss å få heim alle sauer og lam som går på beite.

Vi må få inn friske midlar og sjå på reglane for økologisk sauehald.

Det må verta høgare husdyrtilstskott på meir enn 75 vaksne sauer. Det må verta grunn-tilskott på lam frå slakteklasse O og oppover om lamma er under 13 kg slaktevekt.

Vi må få ned tollsatsane på lammedrikke.

Det er ikkje bra at vi i Noreg ikkje klarer å produsere nok lam til forbruket her i landet.

Sigmund vert kvart år invitert til Rogaland Bondelag for strategi for jordbruksfor-handlingane. Det set han pris på.

Sigmund var skuffa over opplegget Sau og Geit har med forsikringsselskapet

Gjensidige. Dette må koma i orden.

Strategiplan for geit. Vi har fått lite tilbakemeldingar frå geitenæringa. Dei kan koma med innspel før Landsmøtet.

RSG hadde møte i Hjelmeland, Vikeså og Grinde i februar. Det var innlegg om sauekontrollen, ull og økologisk sauehald. Vi hadde håpa på større oppslutnad om desse møta. Ikkje mobb dei som vil driva med økologisk sauehald. Enkelte får dette godt til.

Vi må ikkje importere levande småfe frå utlandet. RSG vil oppfordra sauebøndene til ikkje å kjøpa småfe hjå dei som har importert levande dyr frå utlandet.

Lars Nevland, Helleland er valt inn i avlsutvalet i Rogaland med Brigt Slettebø som personleg vara. Fylkeslaget oppnemner representant med personlig vara til Regionutvalet for sau med funksjonstid 2 år.

RSG skal vera med på Agrovisjonen siste veka i oktober ved Stavanger Forum. Håpar sauefolket vil møta opp på Agrovisjonen.

Landsmøtet i Norsk Sau og Geit skal vera på Quality Hotell på Sola i Rogaland 21. og 22. mars. Det skal vera fagmøte om kvelden den 20. mars.

RSG har sendt inn forslag til personar som kan få Lykleprisen på geit eller saueprisen, nye prisar som skal delast ut på Landsmøtet.

Rogaland hadde også i år beste medlemsvervar i landet. Det er leiar i Egersund Småfelag, Jan Helge Havsø. Vi må sjå om det er grendlag der det er lite med medlemar i sauvelag i forhold til dei som driv med sau. Det er og viktig å ta vare på dei medlemane vi har.

Sigmund gav ros til Høiland Gard der vi hadde leiarmøte.

Dødpeilerprosjektet i Lund skal vidareførast i 2007.

**Ove Ommundsen:** Saueprisen skal heite Gromsauen.

Husdyrforsikringsavtalen mellom Norsk Sau og Geit og Gjensidige er i orden.

**Ola Jordebrekke:** Fylkesmannen hadde midlar for utgifter til henting av småfe i område som ikkje var utleigd til småfe.

**Nils Petter Arrestad:** Det var greit å få skrivet om jordbruksforhandlingane. Skrivet vert brukt vidare til Bondelag og Bonde og Småbrukarlag.

### **Leiar i Rogaland Bondelag, Arna Høyland.**

Takka for samarbeidet med RSG. Vi får inn 40 forskjellige forslag til jordbruksforhandlingane. Innspela frå RSG vert brukte.

Rogaland Bondelag er opptatt av økonomien i sauehaldet.

Vi må få høgare målpris. NSG krev 5 kr. Nortura anbefaler 3 kr.

Beitetilskotta må hevast. Sauen gjer stor nytte som kulturlandskapspleiar.

Vi må stimulera til kvalitetsproduksjon på lam.

Arna var opptatt av rovdyrproblematikken. Vi må få ein meir seriøs rovdyrdebatt. Ho hadde sympati med dei som hadde store tap på grunn av rovdyr.

Økologisk sauehald er eit satsingsområde for småfe.

På grunn av dårlig økonomi går sauetalet i Noreg nedover. Det er fare for import av lammekjøt i fleire år framover. Reglar for å ha brannvarsling når ein har meir enn 30 småfe er og med på at små bruk sluttar med sau.

Vi har og ein del spesialproduksjon innan småfe. I Rogaland er det mange bønder som har sau i tillegg til anna dyreslag.

**Ove Ommundsen** var glad for at Bondelaget ikkje ville arbeida for å få større sauebruk. Tal sauebruk går ned. Dei unge ser på økonomien til å driva med sau.

**Sigurd Tysvær** meinte og økonomien i sauehaldet var for dårlig. Avrekningsprisen på lammekjøt har ikkje auka dei siste åra, men driftsutgiftene har auka.

**Nils Petter Arrestad:** Det er for lite husdyrtilskott på vaksne sauver over 75 stk. Ca 620 kr opp til 75 stk og 113 over 75 til 200 stk er for stor forskjell.

**Peder Ravndal:** Marknaden må betala det økologisk lammekjøt kostar.

**Øyvind Bergøy** hadde og problem med å forstå kvifor husdyrtorskottet over 75 dyr skulle vera så lågt. Vi har i dag god kjøpekraft og må nyta denne tida til å få opp prisane.

**Gjermund Fiveland:** Vi har brukt forslaga frå RSG til jordbruksforhandlingane. I Sauda har vi fått midlar til stølsoppdrag. Det viser at Staten vil noko med sau i heia. Vi må ta rovdyrproblematikken alvorleg.

**Øyvind Bergøy:** Har vore med på å få til stølsopplegg. Her er det pengar att.

**Arna Høyland RMP** i frå Fylket. Her går halvparten av midlane til distrikta. Dette er ei ordning som er komen for å verta. Det er for tida urealistiske mål når det gjeld økologisk husdyrhald.

**Terje Taule:** Vi må få godkjent heialamma som økologiske lam.

**Arna:** Regelverket for økologiske lam er EU-godkjente.

**Jostein Seldal:** Organisert beitebruk. Pengar til opphaldshytta i samband med tilsyn og sinking av småfe og til gjerdehald kan vera vanskeleg å få tak i. Dette må inn i regionalt miljøprogram.

**Nils Petter Arrestad:** Tida er inne for å få opp prisen på lam. Bør ein krevja det dobbelte for å få effekt?

**Arna** svarte at krava må vera realistiske.

**Bjørn Høyland:** 5 kr i tillegg pr kg for lammeslakt er lite på eit årsverk på sau. Sjå på forholdet lyst kjøt og lam i Noreg i forhold til andre land i Europa.

**Knut R. Tunheim:** Vi må sjå vidare. Sauen skal vera ein utmarksresurs. Den haustar store område på sommaren som ikkje ville ha vorte hausta av andre dyr. Sauen hentar rein fornybar resurs i utmark/hei/fjell.

**Ola Jonny Espenvold** var positiv til at Rogaland Bondelag ville ha opp målprisen på lam. Vi må gjera noko med investeringane i sauehaldet.

**Trygve Høines:** På grunn av teljingsdato den 1. januar vert mange slaktesauer som kunne vere slakta om hausten föra fram til etter 1. januar. Teljingsdatoen burde vere flytta til 1. juli. Vi bør setja på fleire livsauer.

### **Sven Haugom frå Vest-Agder Sau og Geit.**

Det er gildt å koma til Rogaland. Har hatt godt samarbeid med Sigmund Skjæveland. Rogaland og Vest-Agder Sau og Geit kan samarbeida om uttalar til Norsk Sau og Geit.

### **Årsmelding for år 2006. Gjennomgang av Jostein Seldal.**

Kommentar og spørsmål til årsmeldinga.

**Jostein** sa at Forsand skal vera med i valregionen til Ryfylke.

**Ola Jordebrek** spurde om ikkje utvalet med organisert beitebruk i Rogaland var nedlagd.

**Ove Ommundsen** svarte at det var nedlagd.

**Jan Helge Havsø** sa at Egersund Småfelag og hadde hatt auke i medlemstalet.

**Med desse bemerkningane vart årsmeldinga godkjent.**

**Rekneskap for Rogaland Sau og Geit 2006 ved Leif Matnisdal.**

Kommentarar og spørsmål til rekneskapen.

**Peder Ravndal:** Kvifor vert ikkje gava til Særheim Verestasjon utbetalt?

**Sigmund:** Dette skal vera ei gava til stasjonen, ikkje til drifta.

**Rekneskapen vart godkjent.**

**Det var frå lokallaga ikkje kome inn saker til årsmøtet.**

**Arbeidsplan for 2007 ved Ole Jonny Espenvold.**

Ole Jonny gjekk igjennom arbeidsplanen og meinte vi bør ha fokus på medlemsverving og sauekontrollen heile året.

**Kommentarar og spørsmål.**

**Ove Ommundsen:** Det bør verta større aktivitet for lokallaga som t.d. kursverksemid.

**Knut Tunheim:** Lokallaga bør ha møte der Mattilsynet deltar. Vi må vera obs på reglar frå Mattilsynet.

**Sigmund** ville ha innspel på kor leiarmøte 2007 skal vera.

**Sviktande fruktbarheit hjå sau. Kva kan årsakene vera?**

**Av veterinær Siv Meling.**

Er det grunn til bekymring?

1 til 2 % av lamma er ufruktbare. Sauene må ha det mørkt om natta i paringstida.

Lamma må takast bort i frå mora minst 5 veker før paringa.

Ca 80000 lam i Noreg vert borte kvart år på grunn av kasting.

Ca 80 % av all kasting skuldast toksoplasmose.

Immuniteten mot toksoplasmose er ikkje livslang. Det finst vaksine i utlandet mot toksoplasmose.

**Sjodogg.**

Ofte over 41 i feber. Kroppstemperatur på rundt 40,5 grader i få timer vil kunna redusere sædkvaliteten i 5 til 6 veker. Det tar 6 til 8 veker å produsere sæd i ein ver. Flåtten er årsak til sjodogg.

**Eitt lam treng ca 1 liter råmjølk første døgnet.**

**Kommentarar og spørsmål.**

**Kjell Steinar Løland:** Rogaland Sau og Geit må ta kasting av lam på alvor og søker om å få ta inn til landet vaksine mot toksoplasmose.

**Siv Meling:** Det vert diskutert om å ta inn vaksine mot toksoplasmose. Sauenæringa må sjølv ta initiativ til dette.

**Øyvind Bergøy:** Vi bør få til import av vaksine mot toksoplasmose.

**Jostein Harboe:** Åringar som ikkje vil ha lamma første året. Bør ein ha dei eit år til?

**Siv** meinte dei burde slaktast.

**Sigmund Skjæveland:** Brukar ein for ofte copersekt mot flått på lamma?

Vil dei då aldri verta immune?

**Siv** meinte at lamma burde koma i kontakt med bakterien flåtten overførte. Lamma ville ikkje dø berre av sjodogg, men i tillegg til andre sjukdommar.

**Knut Tunheim:** Vi må ha på copersekt på dei lamma som kjem i frå heia og som ikkje skal slaktast den første veka. Sau og Geit må setja press på å få inn vaksine mot tokso-plasmose.

### Festmiddagen under årsmøte i RSG 2007.

Det var Sør-Jæren Sau og Geit som hadde ansvaret for opplegget under festmiddagen. Det vart under middagen utdelt:

Pokal til beste bukk gjekk til **Sissel og Jarle Thomsen, Østebø, Dirdal.**

Det var bukk 2003308 Gran med 110 i avlsindeks og 5 i avlsverdi jur.

Pokal til beste ver gjekk til **Torgeir Lima, Ålgård.**

Det var ver 200540789 med 146 i O indeks og 130 i S indeks. Veren er og positiv på alle delindeksane.

**Berit Pettersen, Ålgård** fekk diplom av Rogaland Sau og Geit for godt arbeid for sauene i Rogaland.

### Referat fra årsmøtet laurdag 24. februar 2007.

Valet vart leia av leiar av valnemnda **Gunnar Emil Bokneberg.**

Valnemnda var på plass på årsmøte med unnatak av Lars Egil Bakka.

Det vart talt opp 52 personar med stemmerett.

#### Resultat av valet:

<u>Innstilling frå valnemnda</u>	<u>Valt</u>	<u>Tal stemmer</u>
Leiar Ole Jonny Espenvold	Ole Jonny Espenvold	51      1 blank

#### Styremedlemar:

Alf Torstein Pettersen	Alf Torstein Pettersen	50      2 blanke
------------------------	------------------------	------------------

Arnhild Skjørestad	Arnhild Skjørestad	50	2 blanke
Nestleiar Øyvind Bergøy	Øyvind Bergøy	Einstemlig	

**Varamedlemar til styret:**

1. vara Per Johan Lyse	Per Johan Lyse	Einstemlig
2. vara Nils Petter Arrestad	Nils Petter Arrestad	Einstemlig
3. vara Peder Ravndal	Peder Ravndal	Einstemlig

**Valte Landsmøteutsendingar:**

Ole Jonny Espevold med Halgeir Rønnevik som vara.

Leif Matnisdal med Jarl Nord-Varhaug som vara.

Øyvind Bergøy med Nils Petter Arrestad som vara.

Arnhild Skjørestad med Peder Ravndal som vara.

Alf Torstein Pettersen med Guttorm Gudmestad som vara.

Per Johan Lyse med Knut Sveinung Kleppa som vara.

Sigmund Skjæveland med Egil Svela som vara.

**Godtgjersle til tillitsvalde:**

Det vart etter innstilling frå valnemnda vedtatt å auka godtgjersle til kasserar frå 13000 kr til 15000 kr. Dei andre tillitsvalte skal ha lik godtgjersle som i 2006.

**Ny valnemnd for Dalane.**

Kirsten Selebø, Hauge i Dalane med Knut Tunheim, Moi som vara.

**Ny valnemnd for Nord Rogaland.**

Arne Frøystad, Haugesund med Halgeir Rønnevik, Vikedal som vara.

**Ole Jonny Espevold** takka for tilliten med å verta valt som leiar.

Han takka Sigmund Skjæveland for innsatsen han hadde gjort som leiar. Sigmund fekk ros for korleis han takla ulvesaka. Det vart sagt at Sigmund er ein lun og god person.

Sigmund fekk overrekt krus og sølvskei frå RSG.

**Sekretær Ove Myklebust** takka og Sigmund Skjæveland for godt utført arbeid som leiar i Rogaland Sau og Geit. Sigmund har vore grei å samarbeida med.

**Sigmund Skjæveland** sa at åra i styret og som leiar har vore ei gild tid. Det var 7 år sidan han vart valt inn i styret. Dei siste 5 åra har han vore leiar. Sigmund var nøgd med at Ole Jonny Espevold vart valt som ny leiar.

**Nestleiar Jostein Seldal** som sluttar i styret fekk overrekt krus og sølvskei.

Jostein sa at det hadde vore gildt å vera med i fylkesstyret. Han håpa at han hadde gjort nytte for seg.

### **1. vara Kirsten Selebø** fekk og overrekt krus for sin innsats i styret.

**Ivar Kvinlaug frå Kvinesdal** presenterte ein delegasjon i frå Transylvania i Romania. Kvinesdal og Hægebostad har eit prosjekt i Transylvania i Romania på korleis dei kan hjelpe bøndene der. Ei av oppgåvene vert å få bøndene til å samarbeida. Dei har fått kjøpt slaktelinja for småfe som stod i Granvin. Delegasjonen er no i Noreg for mellom anna å sjå om det er aktuelt å importera verer av Norsk Kvit Sau til Romania. Dei skal rundt i Rogaland på gardsbesøk både på søndag og måndag.

### **Fylkesmiljøvernsjef Odd Kjos-Hansen.**

Gjeldande praksis for rovdyrerstatninga.

Vi har forskrift om forvaltning av rovdyr. Formål: Sikra heilskapleg og bærekraftig forvaltning av rovviltetatane.

Vi har rovviltregionar: Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er i region 1. Ein har regional rovviltnemnd. Vi har eit visst samarbeid med Mattilsynet. Vi ser på om tapet skuldast rovdyr, sjuke dyr eller uhell. Fylkeskontaktorgan kan skipast dersom det er behov.

Nasjonale bestandsmål for kongeørn er 850 til 1200 hekkande par.

Bestandsmål for region 1 er at bestanden på 40 par kongeørn skal oppretthaldast. Det skal ikkje vera ynglingar av dei store rovpattedyra i region 1.

Vi har førebyggjande/konfliktdempande tiltak. Det vert sett inn Landbrukspolitiske virkemidler til for eksempel organisert beitebruk. Vi har forskrift om erstatning for tap og kostnader når husdyr vert drepen av rovvilt. Sauebøndene må kunne leggja fram skadedokumentasjon. Dei må gje beskjed til rovvilkontaktane som kjem og ser på skaden/drapet og prøver å sei noko om årsaka.

### **Felling av rovdyr.**

Her er det aktuelt med opplæring i fellingslag.

Erstatningsoppgeret i 2006 viser at det i Rogaland vart tatt 12 småfe av gaupe, 14 småfe av kongeørn og 1 småfe av freda rovvilt. Gaupa tar strupebitt. I Rogaland vart det utbetalt kr 117 000,- for 92 lam.

### **Kva vert erstatta?**

Som regel alt tap utover normaltap. Tap knytt til kjente problemområde.

Kva er normaltap? Tapsstatistikk dei siste 5 åra vert lagt til grunn.

Normaltap på beite i t.d. Suldal og Bjerkreim er 2 % sau og 5 % lam.

Tapet på beite er i Sokndal og Lund 3 % sau og 7 % lam. Dei som ikkje er med i organisert beitebruk har 1 % høgare tap enn dei som er med i organisert beitebruk.

**Øyvind Bergøy** sa at frist for å søkja om rovdysterstatning var 1. nov. Dette må verta kjent. Det kan og verta svinn til rovdyr etter 1. nov. Eg har rede på 4 medlemar i eit beitelag som har rundt 10 % svinn på beite.

**Kjos-Hansen** Sauebøndene må følgja med på kva tid fristane er. Å ha ein frist på 1. november er for å få ut pengane til bøndene same året, men vi stekker oss ut over fristen for at sauebøndene skal få den erstatninga dei har krav på. Flest mogleg må søkja innan fristen. Det går an å søkja i fleire omgangar. Erstatninga er ca 1000 kr pr lam. Sau vil verta erstatta med ein grunnverdi + livdyrverdi.

**Jostein Seldal** sa det var problem med dokumentasjon på kva som var årsaka til at sau og lam dauda. Det er problematisk at dei hjå Fylkesmannen i Rogaland tolkar reglane ulikt i forhold til Vest-Agder.

**Øyvind Bergøy** sa at med det varme veret i sommar var det vanskeleg å dokumentera tapet. Opplevde krava som umogleg å leva opp til. Går det endå an å koma med erstatningar for rovdyrtap i 2006?

**Kjos-Hansen:** Har ein hatt tap i 2006 kan ein framleis søkja. Fristen for å søkja erstatning burde Sau og Geit gått ut med.

**Sigmund Skjæveland** sa at landbrukskontora har skjema for å søkja erstatning for tap av småfe til rovvilt.

**Kjos-Hansen:** Dei som kjenner til reglane må gjera dei kjent. Framleis frist 1. nov., men kan og søkja erstatning etterpå.

**Knut Tunheim:** Eg er med i eit beitelag og har lite tap sjølv. Legg ein ved søknad til grunn bonden sine tap dei siste 5 åra eller tapa i beitelaget. Dei fleste dyra forsvann frå ein måndag til fredag.

**Kjos-Hansen:** Det er Skåtan som har fått ansvaret for å dokumentera tapet.

#### **Styremedlem i Norsk Sau og Geit, Ove Ommundsen.**

Medlemsutviklinga i Norsk Sau og Geit. Det har det siste året vore ein nedgang på 4,5 % på Landsplan. Rogaland har no 1992 medlemar. I Rogaland er det 910 saue-produzentar som ikkje er medlem i sauelag.

Vi må snu utviklinga når det gjeld lønnsemda i sauehaldet. Tal bruk som driv med sau og tal vinterfòra sauer går ned. Målprisen bør aukast med 5 kr og vi bør få ein auke på 80 kr i beitetillegg.

Rovviltnemndene må få tid til å gå seg til.

Vi må ha eit nært samarbeid med Jeger og Fisk og med turistnæringa.

Mattilsynet skal ha eit prosjekt i 7 fylke der ein i 10 % av besetningane skal prøva å finna årsakene til tap av lam.

Rovdyrkostnadane må koma på miljøverndepartementet sitt budsjett.

Det er skote 40 jerv av ein kvote på 90 jerv. Miljøvernministeren er tøff til å ta ut skadedyr. Det er jerven som er det mest problematiske skadedyret.

Setesdal/Sirdalsheiane er ei hei med for høgt beitetrykk. I område der det er passeleg beitetrykk med sau er det meir ryper enn der det ikkje er sau.

Avtalen med Gjensidige Forsikring er i orden.

10 % rabatt på husdyrforsikringa på Sau og Geit.

5 % rabatt på forsikringa på hund.

Oppgje at du er medlem i Sau og Geit.

**Kjos-Hansen:** Det er viktig at alle sauebøndene er organiserte.

**Nils Petter Aarrestad:** Kven bestemmer at kontingensten skal stiga?

**Ove Ommundsen:** Det er Landsmøte som fastset kontingensten.

**Øyvind Bergøy:** Kontingensten er for høg for mange.

**Jan Helge Havsø:** Brevet om verving som kom ut var bra.

### **Leiar av Landsrådet for saueavl Bjørn Høyland.**

Vi må ta vare på dei små saueraasane. Smårasane som er med i sauekontrollen vil få same tilskott pr dyr som dei som er med i vereringane. Pengane skal delast ut til laget.

**Sigmund Skjæveland** takka for eit vellukka årsmøte og overrekte blomar til Øyvind Bergøy som på kort varsel leia årsmøtet og til Erik Skretting frå Sør-Jæren Sau og Geit som stod for årsmøtet.

Ove Myklebust

Svein Varhaug

Ola Jordebrek

Referent

Sign.

Sign.

Tilbake



